

Eidsborg, 12.01.21

# *Vestfold og Telemark – der menneske møtest*

## Høyringssvar fra Vest-Telemark Museum

### 1. Innleiing

Vest-Telemark museum er glade for å kunne gje uttale til utkast til kulturstrategi for Vestfold og Telemark fylke. Som konsolidert museum for Vest-Telemark er me blant dei viktigaste kulturarenaer og kulturarvsformidlarar i fylket. Me ser VTM som ein sentral medspelar for fylkeskommunen for å realisere kulturpolitiske målsetjingar. Fylkeskommunen er også ein viktig premissleverandør for oss med sine drifts- og utviklingsmidlar. Slik er kulturstrategien eit viktig dokument for oss.

Planen er ryddig og oversiktleg, og er ordna etter seks hovudtema. Det er ein styrke at mange av tiltaka som ein ynskjer å få løyst er konkrete. Kulturstrategien har til mål å seie noko om fylkets rolle som utviklingsaktør, og dette lukkast strategien i stor mon med.

VTM er i stor grad positiv til planen, men har likevel merknadar til nokre punkt.

### 2. Merknadar

- 2.1. **Ambisjonar/prioriteringar.** Det er peika ut fem hovudsatsingsområde i planen: Ibsen, Munch, verdsarv, vikingtid/mellomalder og regionale kulturarrangement. Desse er vel og bra i seg sjølv, men me ynskjer å problematisere litt følgjene av å velje nettopp desse. Vil dei kunne markere Vestfold og Telemark som kulturfylket med stor K? Og då for kven? Ibsen er fødd i Skien, og det er påvist at telemarkskuluren hadde innverknad på diktinga hans. Likevel flutte Ibsen tidleg ut, og hadde svært lite og ikkje kontakt med fødestaden seinare. Andre stader har også sterkt eigarskap til Ibsen, bl.a. er Norsk Folkemuseum i ferd med å ferdigstille eit svært ambisiøst prosjekt i Arbiens gate, der museal formidling går hand i hand med utøvande scenekunst. I samarbeid med Nasjonalteateret vil det der bli ei levande formidling av høg kvalitet av diktinga hans.

Når det gjeld Munch hadde han tilknyting til både Åsgårdssstrand og Kragerø, men det vil vere eit krevjande arbeid å koma ut av skuggen til det nye Munch-museet. Kunstsakrapen til Munch,

#### **Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!**

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@www.vtm.no](mailto:post@www.vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)

samlingane hans, vil i all hovudsak vere der, i tillegg til Kode i Bergen. Munch vart fødd på Løten, der dei har satsa på andre merkevarer. For brorparten av eit nasjonalt og internasjonalt publikum vil også vikingesatsinga på same vis ha tunge konkurrentar i dei verkelege vikingskipa, særskilt når det nye vikingeskipsmuseet på Bygdøy vert realisert. Ved å velje desse satsingsfelta kan ein spørje om ikkje strategien stiller Vestfold og Telemark som kulturfylket i skuggen av Oslo?

**Verdsarven** har vore gjennom nålaugaet for kva som er unikt og særmerkt. Me veit også at fylket har store og sentrale **festival- og kulturarrangørar**. Men kunne ein våge å leite etter det som verkeleg er særkjenna til Vestfold og Telemark? Frå vår region kan me nemne **folkekunsten, bygningsarven og handverkstradisjonane** som står i ei særstilling i nasjonal samanheng. Frå bakkane her spreidde **skileiken** og skiidretten seg ut til heile verda, først med Sondre Norheim og seinare med Terje Håkonsen. Innan **språk, dikting og folkemusikk** har me viktige pionerar, og er heldige å ha også dei fremste utøvarar av i dag. Vår natur og folkekultur har inspirert målarkunsten i generasjonar, og dei fremste **bilethoggarane** på 1900-talet ved sida av Gustav Vigeland kom frå dette fylket. Me forvaltar viktig kulturarv, både av omsyn til regionens særkjenne, identitet og merkevare. Kulturen har betydning også nasjonalt og dels internasjonalt. Me vil gjerne gjere merksam på at dette manglar i planen.

- 2.2. Temaområde **kulturbasert reiseliv og kulturøkonomi** er nesten fråverande i strategien. Det vert nemnt under området stadsutvikling (s.6), men med den auka betydinga dette har, ville ein vente at dette fekk meir omtale. Frå sentralt hald og Innovasjon Noreg har temaet vore mykje framme dei seinare åra, både i høve til den nasjonale og internasjonale marknaden. Dette feltet har store ringverknadar for lokalmat, andre servicenæringer og tenesteyting, og bidreg i aukande grad også til arbeidsplassar og verdiskaping i meir rurale strok.
- 2.3. Tiltaka om å utvide og gjere **bygningsvernsatsinga** permanent og etablere materialbank er viktige, og me er glade for at dette er med i strategien (s.7). Det pågående utgreiingsarbeidet skal gje eit betre kunnskapsgrunnlag for korleis dette best kan bli gjort ut frå dei behov og utfordringar som er i Vestfold og Telemark. Ei betre lokal rådgjeving ovanfor eigarar og kommunar, tettare samarbeid og fagleg utveksling mellom restaureringshandverkarane, trygging av rekruttering og kompetanseoverføring er naudsynt for å betre sikre bevaring og potensialet i bygningsarven. Materialbank som sikrar betre tilgang på spesialvirke og kvalitetar, vil både rasjonalisere restaureringsprosessane og stimulere skogbruket til meir differensiert utnytting av ressursane.
- 2.4. Temaområdet **kunnskap** inneheld viktige mål og ambisjonar, men ein kan spørje om dei prioriterte tiltaka for å følgje opp er godt nok gjennomarbeidde. Med den posisjonen Vestfold og Telemark har til dømes når det gjeld mellomalderbygningar i tre, er det noko rart at dette ikkje er mellom tiltaka – også fordi kunnskapsutvikling om prestegardar og herregardar er ført opp som eigne tiltak. Grunngjevinga for dette hadde vore interessant å fått vite meir om. Me vil også etterlyse tiltak meir retta mot kunnskapsutvikling om vår immaterielle kulturarv, særskilt med tanke på handlingsboren kunnskap og dei rike handverkstradisjonane som er i fylket. Det er veldig positivt at det vert sett fokus på folkedansen og folkemusikken, men dokumentasjon, kunnskapsoverføring og rekruttering til husflid, handverk og folkekunst er også eit viktig ansvar framover.
- 2.5. Temaområdet **arenaer** inneheld viktige mål og tiltak, som er føresetnader for å ta vare på og formidle kunst- og kultur til våre innbyggjarar og tilreisande. Gode og føremålstenlege fasilitetar er avgjerande for kvalitet og attraktivitet til kulturinstitusjonane, og dermed for kva ein kan leve. VTM har i mange år varsla behovet for betre utstillings- og magasinfasilitetar for skulptursamlingane våre, og ein vonar dette prosjektet kan bli avklara i planperioden. Eit regionalt kunstmuseum lokalisert på Rauland vil ha stor verdi for attraksjonskrafta til reiselivet i regionen, sikre nasjonalt viktige kunstsamlingar, gje arbeidsplassar og byggje vidare på eit levande og engasjert kunstmiljø i bygda.

2.6. Det er i planverket lagt opp til at kulturstrategien skal ha utfyllende temadokument for dei ulike fagområda som kulturstrategien omfattar. Dette er ei oppbygging som både er naudsynt og logisk, sidan strategien ikkje kan ta opp i seg alle særskilde utfordringar, behov og potensiale som dei ulike fagområda har. Men me vil etterlyse temadokument for **privatarkiv** i Vestfold og Telemark. Dette er felt som treng fleire avklaringar både om ressursfordeling, organisering og mandat.

For Vest-Telemark Museum

Dag Roegmoen

direktør

**Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!**

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

[post@www.vtm.no](mailto:post@www.vtm.no) – [www.vtm.no](http://www.vtm.no)

